



Statens vegvesen



Bompengeavgift for nullutslepps-køretøy i Jondalstunnelen frå 1. april 2019

I tråd med føringane frå Prop. 87 S (2017-2018) og lokale vedtak vert det innført bompengeavgift i Jondalstunnelen for nullutsleppskøretøy i takstgruppe 1 som svarer til 50 pst. av ordinær bompengetakst etter rabatt. Nullutsleppskøretøy i takstgruppe 2 skal inntil vidare ikkje betale bompenge.

Takstane i Jondalstunnelen er som følgjer:

	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
Bompengetakst	Kr. 32,00	Kr. 51,00

Tabell 1. Bompengetakster for Jondalstunnelen i 2018-kr.

Ordinær bompengetakst etter rabatt er kr 25,60. Endringa medfører at nullutsleppskøretøy i takstgruppe 1 frå 1. april 2019 skal betale kr 12,80 per passering.

Nullutsleppskøretøy er ei fellesnemning på elkøretøy og hydrogenkøretøy. Betaling av bompenge som nullutsleppskøretøy krev gyldig avtale og elektronisk brikke. Utan avtale og elektronisk brikke, vil nullutsleppskøretøy bli belasta ordinær takst på linje med andre køretøy utan gyldig avtale og elektronisk brikke.

Takstendringa kan klagast inn til Samferdsledepartementet innan tre veker frå kunngjering. Klage sendast Statens vegvesen Vegdirektoratet, Postboks 8142 Dep., 0033 Oslo.